

Bjerkreimsnytt

Info til bjerkreimbuen • September 2026



**Bjerkreim
kommune**



Bjerkreim kommune

Kommunehuset:

Tlf 51 20 11 00

Måndag - fredag kl 09.00 - 15.00

www.bjerkreim.kommune.no

Biblioteket:

Tlf. 51 45 93 20

biblioteket@bjerkreim.kommune.no

Måndag 15.00 - 19.00

Tysdag 14.00 - 18.00

Onsdag 14.00 - 18.00

Torsdag 12.00 - 15.30

Fredag 12.00 - 15.30

Laurdag 10.00 - 14.00

DIM-renovasjon:

Returpunkt glas/metall finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-19. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd.

Produksjonsavfall må leverast på Svåheia. Returpunkt for glass og metall ved kommunehuset og ved Coop Prix på Bjerkreim.

Neste nummer:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tysdag 15. september kl. 24.00. Bladet kjem i postkassen seinast torsdag 24. september.

Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå nettsida til kommunen.

Utgjevar:

Bjerkreim kommune

Kontaktperson:

Ingunn Ognedal

Ansvarleg:

Kulturkontoret

Trykk og grafisk formgiving:

Jærprint AS

Forsidefoto:

Frå Barnas Dag ved Bjerkreimselva; Noah Oftedal Reed.

Foto: Kevin Molstad

Ordføreren sitt hjørne



Foto: Han med hatten / Kai Tore Vik

For ein sommar! Ikkje fordi vêret var perfekt. Det vert det sjeldan. Me har ulike preferansar, me som ikkje har gard vil ha mest mogleg sol. Fiskarane vil ha regn, ikkje for mykje, men nok til at laksen bit. Bøndene ei god blanding. Nei, denne sommaren vart perfekt fordi me kollektivt opplevde noko som me i landet ikkje har vore med på sidan OL-på Lillehammer. VM i fotball, og for eit eventyr det vart.

Det flottaste med VM var fellesskapet. Skiljelinjer vart viska ut. Dei som oppdaga dette fellesskapet for fyrste gong vart like engasjert som dei som legg opp livet sitt etter kampane til favorittlaget. Eldre og unge, alle samfunnslag, uavhengig av religiøs eller politisk ståstad, fattig og rik, me var saman om dette. Innvandrarungdom sa dei aldri hadde følt seg så norske og inkluderte som denne sommaren. Det vart hekla bøttehattar, henta fram flagg, hamstra drakter og t-skjorter med noregsflagg. Og me rodde.

Norge vant ikkje VM, men me vant hjarta til store deler av verda. Me viste at den norske modellen, der samhald og likskap står sterkt, er gull verd. Dei største stjernene var ikkje større enn laget. Heile troppen vart hylla etter kamp, og kjende at dei og bidrog til siger. Også dei på innbytarbenken.

Å samla små og store i Bjerkreimshallen, med 75 års aldersforskjell, var for meg eit av sommarens største høgdepunkt. For ei stemning, for ei glede, og for nokre nervepirrande minutt mot slutten, då Brasil fekk straffe. Då sindige Bjerkreimsbuar hiv seg rundt halsen på vilt framande, og deler ut klemmar i aust og vest, så er ein vitne til nok heilt spesielt.

No er hausten komen. Det er skulegang, studiar, kvardagsliv, sauesamling og kaldare dagar. Heldigvis har me mykje å gle oss til. I september er det Bjerkreimsmarken, 40 år etter fyrste gong det vart arrangert. Og igjen skal me arrangera NM i saueklypping. VM-bobla er kanskje sprukken, men prøv innimellom å hente fram kjensla av fellesskap og samhald desse sommarkveldane og nettene gav oss.

I oktober får me besøk av Øystein Pettersen. Han skal fortelja og inspirera ungdom og vaksne om kor viktig det er at alle får sin plass i fellesskapet. At alle vert tekne med og er inkludert, også i Bjerkreim. For akkurat som på landslaget, ingen er større enn laget sitt. Me treng alle med.

Vennleg helsing Tone Vaule

Politiske møte - på kommunehuset

Fellesråd	Tysdag	01.09	kl. 13.00
Ungdomsråd	Tysdag	01.09	kl. 17.00
Levekår	Tysdag	15.09	kl. 19.00
LMT-utval	Tysdag	15.09	kl. 19.00
Formannskap	Onsdag	16.09	kl. 16.00
Kommunestyret	Tysdag	22.09	kl. 18.00

GRATIS KURSTILBUD TIL FORELDRE

Gratis foreldreveiledningskurs i programmet Tuning into Kids (TIK). Studier viser at TIK forbedrer foreldreferdigheter, foreldre-barn-relasjoner og barns emosjonelle kompetanse.

Målgruppe og kurstidspunkt:

Foreldre med barn i barnehage og barneskole

Tid: Seks onsdager fra 16. september kl. 19.30 til 21.00

Sted: Bjerkreim helsestasjon, Nesjane 1

Påmeldingsfrist er 14. sept.

Kurstilbud for ungdomsforeldre i starten av 2027.

For informasjon/påmelding kontakt:

Jill Steen, tlf. 400 01 137

Jill.steen@bjerkreim.kommune.no

Elin Ramsland Friestad, tlf. 404 44 920

elin.ramsland.friestad@bjerkreim.kommune.no

Arr: Bjerkreim kommune v/familieveiledere

MARKNADSDAG PÅ KLØGETVEDTTUNET



Søndag 30.08 kl. 13.00 - 16.00

Gammeldags marknadsgang med salg av mange ulike hjemmelagede produkter. Smed i smia. Pølsegrilling og leker.

Det er fortsatt plass til flere utstillere, meld deg gjerne på til Bjerkreim kulturkontor på telefon 988 80 147. Gratis adgang, guiding på Kløgetvedttunet etter forespørsel.

BADEVAKTER

Vi trenger gode badevakter/ assistenter til offentlig svømming og svømmekurs fra etter høstferien og fram til påske. Se kommunen sin nettside under ledige stillinger. Søknadsfrist 14.09.

TILTAKSSTØTTE KULTUR

Lag og organisasjoner kan søke støtte til kurs, arrangement, større innkjøp mm. Søknadsskjema på kommunen sin nettside under skjema/søknadssenter - Kultur og fritid. Frist: 10. september

SPILLEMIDLER

Det er åpnet for å søke om spillemidler for 2027. For mer info om hvem som kan søke, og hvordan, se www.anleggsregisteret.no. Har du spørsmål, kontakt kulturkontoret. Søknadsfrist 1. november hvert år.

SVØMMEKURS HØST 2026

Oppstart etter høstferien, påmeldingsfrist 1. oktober. Åtte kursdager på fredager:

Kl. 15.45 - 16.30 - Videregående 1, pulje 1 (må kunne flyte)

Kl. 16.30 - 17.15 - småbarn (fra 3 år)

Kl. 17.15 - 18.00 - grunnkurs (fra 5 år)

Kl. 18.00 - 18.45 - videregående 1, pulje 2 (må kunne flyte)

Kl. 18.45 - 19.30 - videregående 2 (må kunne svømme på dyp del av bassenget)

Elektronisk søknadsskjema og mer informasjon finner du på kommunen sin nettside under skjema/søknadssenter – kultur og fritid. Vi tar forbehold om endringer.

KULTURMINNEMIDLER

Bjerkreim kommune deler i år ut kr 50 000,- i kulturminnemidler. Pengene skal fortrinnsvis gå til vedlikehold eller restaurering av bygninger som er nevnt i kommunens kulturminneplan, men andre kan også søke. Midlene blir utdelt av levekårsutvalget. Pengene kan bli fordelt mellom flere søkere. Søknadsskjema med detaljert plan og kostnadsoversikt må sendes innen 1. okt. Søknadsskjema på kommunens nettside under skjema/

søknadssenter - kultur og fritid - søknad om kulturminnemidler. Ved spørsmål, kontakt kulturkontoret på tlf. 988 80 147.

INNSATSPREMIER

Innsatspremier deles ut hvert år på Kulturdagen i desember. Bjerkreim kommunes levekårsutvalg bestemmer hvem som skal få tildelt premiene.

Innsatspremier kan bli utdelt innen kulturområdene idrett og sport, sang, musikk og dans og andre kulturgrener. Det er ingen automatikk i at utøvere som fyller kriteriene får prisen, noen må foreslå kandidatene.

Forslag med begrunnelse på kandidater til prisene kan sendes postmottak@bjerkreim.kommune.no eller Bjerkreim kommune, Postboks 17, 4384 Vikeså.

Frist for å foreslå kandidater: 1. okt. Se Bjerkreim kommunes nettside under Tjenester / Kultur, idrett og fritid / Kultur / Innsatspremier for kriteriene for prisene.

BYGGESKIKKPRIS

Hvem synes du bør få årets byggeskikkpris i Bjerkreim?

Hvert år blir det delt ut kulturpris eller byggeskikkpris på Kulturdagen 1. søndag i advent. I 2026 skal det deles ut byggeskikkpris.

Formålet med byggeskikkprisen er å stimulere og fremme god lokal byggeskikk. Det skal legges vekt på at prosjektet viderefører det lokale bygningsmiljøet, tar i vare den lokale byggestil og håndverkertradisjon og er tilpassa de stedlige landskaps- og naturforholdene. Prisen kan bli tildelt privatpersoner og private organisasjoner og foretak.

Forslag med begrunnelse på kandidat sendes postmottak@bjerkreim.kommune.no eller Bjerkreim kommune, Postboks 17, 4384 Vikeså. Usikker på hva du skal skrive, ring Bjerkreim kulturkontor på tlf 988 80 147.

Frist: 1. oktober

Se Bjerkreim kommunes nettside under Tjenester / Kultur, idrett og fritid / Kultur / Byggeskikkpris for mer informasjon om kriteriene for prisen.

BJERKREIMSQUIZEN

Onsdag 16. sept. kl. 19.30 i kommunestyresalen. Firemannslag. Quizmaster: Roald Ripland. Startkontingent: kr. 50,- kontant. Servering av kjeks, te og kaffi frå Kenya.

LYS OVER LAND

Herdis Heimdal talar på desse møta:
Tysdag 08.09. - Espeland forsamlingshus
Song av Oddvar Sæth
Onsdag 09.09. - Bjerkreim bedehus
Song av Margunn og Joleiv Salte
Torsdag 10.09. - Vikeså misjonshus
Song av Egersund musikklag
Alle møta byrjar kl. 19.30

KURS I SKINNSØM

Instruktør: Irene Amundgård
Sted: Skjeraberget folkehelsehus.
Tid: helga 30. oktober til 1. nov..
Fredag 30.10 kl. 18-21
Lørdag 31.10 kl. 9- 20
Søndag 1.11 kl. 10-14
Sy det du har lyst til. Max 10 deltakere. Pris kr 2000 pluss kursmaterialer. Varm mat på lørdag og lunsj på søndag.
Påmelding: Ernst Herredsvela tlf. 450 34 830 innen 1. okt.
Deltakerne får tilsendt utstyrsliste.
Arr: Bjerkreim brukskunst

ELDREFESTEN

Bjerkreim samfunnshus onsdag 7. oktober kl.18.00. Tidlegare statsråd, stortingsrepresentant og fylkesmann; Magnhild Meltveit Kleppa: "Oppturar og nedturar i politikken". Musikk: Green Sax. Ord for dagen: Åsmund Steinnes; sokneprest i Bjerkreim i åra 1993-2007. Middag. Pris kr. 300,- kontant eller VIPPS i døra. Påmelding innan fredag 02.10. Til Tom Fjermedal tlf. 51 45 11 00 eller e-post: tom.fjermedal@bjerkreim.kommune.no
Arr: Fellesrådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

GJE VIDARE EIN SKULESEKK

Kyrkja samler inn brukte skulesekker som skal sendast til barn på Window of hope sine skular i Kenya. Ta med sekken til Bjerkreim kyrkje søndag 30. august kl. 11.00. Eller lever den til Kyrkjekontoret før.

BJERKREIM SJAKKLUBB

Samlingane passer for både nybegynnarar og erfarne, unge og gamle. Me vil hjelpe alle til å bli betre, men det viktigaste er å ha det gøy. Kaffi, te og sjokoladepremiar. Vi gler oss til å treffe nettopp deg!
Stad: Skjeraberget folkehelsehus.
SEMESTERPLAN HAUSTEN 2026
Man 21.09 kl. 18-20 og 20-22
Lør 03.10 høstferieturnering kl. 12-16
Man 19.10 kl. 18-20 og 20-22
Man 16.11 kl. 18-20 og 20-22
Man 30.11 kl. 18-20 og 20-22
Man 14.12 kl. 18-20 og 20-22
Man 28.12 romjulturnering kl. 12-16

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør - godt kledd - godt miljø!
Onsdag 2. september går turen til Høgevoll og Fuglestad. Gerny Nedrebø vert med som kjentmann. Ta med drikke og sitjeunderlag. Avreise frå Esso Vikeså kl. 10.00. Turen er open for alle.
Arr: Fellesrådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne.

KURS I FERMENTERING

Tirsdag 22.09.2026 kl. 19.00
Sted: Skjeraberget folkehelsehus.
Kine fra Ullandhaug økologiske gård holder kurs i fermentering og foredrag om beredskapshagen. På kurset fermenterer vi grønnsaker. Ta med en tom glasskrukke, f.eks. Norgesglass med lokk e.l.
Pris: Medl: kr 150,-, andre kr 250,-
Påmelding innen 17.09 til Marianne Lien tlf. 473 43 663
Arr: Bjerkreim hagelag

**BJERKREIM
BYGDEKVINNELAG**
Følg Bygdekvinnelagets
Facebookside.

BESTEFØRELDREROLLA

Bjerkreim samfunnshus måndag 21. september kl. 19.00.

Å vera besteforeldre i dag er kanskje ikkje det same som det var for 50 år sidan. Korleis kan me vera gode nettverk for våre barnebarn? Kom og høyr forfattar og professor v/UIA; Ingrid Lund halda foredrag om dette. Kommunale helse- og oppveksttilsette vil orientera kort om kva dei kan tilby av hjelp og støtte. Gratis inngang. Kort kaffipause. Passer både for foreldre og besteforeldre.

Arr: Bjerkreim kommune, Bjerkreim helselag og Bygdekvinnelaget

SYSNELLENE

Tid: 7. september kl. 18.30
Sted: Skjeraberget folkehelsehus
Vel møtt til samsykveld.
Arr: Bygdekvinneene v/Olaug og Anka

TUR TIL HOLMAVATNET PÅ BUE

Tysdag 8. sept. kl.18.00
Parkering ved Bjerkreimsvegen 140; huset på høgrefløyen for E-39. Velkomne til fin tur; litt bratt i starten.
Arr: Bygdekvinnelaget

KULTURELT PÅFYLL?

Bygdekvinnelaget har billetter til følgjande arrangement i oktober (opne for alle):
6.10: Linda Eide m.fl.: Språksjov - Egersund kino (kl. 19.00)
Påmelding seinast 8. september til Aslaug Undheim, tlf. 918 66 55. Pris: kr 350
28.10: Ingrid Bjørnov: Bjørnov tar det piano, Stavanger konserthus (kl. 19.00)
Påmelding seinast 8. september til Aslaug Undheim tlf. 918 66 55. Pris: kr 550

MUSEUMSTUR TIL VINNINGLAND

Tid: Torsdag 3. september

Stad: Vinninglandsvegen 120 og 108, oppmøte kl. 18. Omvising i stabburet der Sigurd Vinningland samla gamle ting. Deretter vil Leif Vinningland visa oss, og fortelja frå radiomuseet i det gamle fjaset.

Arr. Bjerkreim Historielag

TEMAKVELD: HEIM, SAU OG ODEL!

Laksebørsen, onsdag 23.09 kl. 19.00.

Møt Johanne Nyborg, forfattar av boka 12 dagar i april, i samtale med sauebonde Bjørn Tore Birkeland. Samtalen vert leia av forskar i Rurals, Eirik Magnus Fuglestad.

Billetter: jorddogn.no

Arr.: Jorddøgn Litteraturfestival.

KONSERT

Med Valborg & Karl Gustav og gospelkoret Abraham.

Tid: Søndag 20. september kl. 19.30

Sted: Bjerkreim kyrkje

Inngang: 250 kr, barn opp til 15 år: 150kr

BINGO

i peisestova på Vikeså misjonshus onsdag 9. september kl. 14.00-16.00.

Arr.: Bjerkreim helselag

KVELDSMAT I SKJERABERGET

Kom innom og bli med på hyggeleg kveldsmat, heilt gratis. Måndag 28.09.

kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelse-hus. Ta gjerne med ein venn. Arr.: Bjerkreim helselag.

BJERKREIM PENSJONISTFORENING

Torsdag 17.09. kl. 14.00-17.00 på samfunnshuset. Kåsør: Bjarne Tengesdal. Servering av gode smørbrød, kaker, kaffi og te. Sang og musikk. Utlodning. Ta gjerne med en gevinst.

DUKAR

Bjerkreim helselag leier ut kvite dukar. Kontakt Ingbjörg Vassbø tlf. 486 03 535.

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Torsdag 10. september kl. 18.00-20.00 i Skjeraberget folkehelsehus.

Vi treffes for å snakke sammen og bli kjent med hverandre. Vi serverer kaffe og te. Hvis noen vil, kan de ta med et fat med noe å spise. Velkommen alle kvinner!

GUNSLINGERS-KONSERT

I forbindelse med NM i saueklipping og Bjerkreimsmarken inviteres det til markenskonsert lørdag 26. sept. på markensområdet (eget telt).

Her blir det liv, allsang, dans og god stemning når Gunslingers og Silo og Saft spiller opp! Billetter på ticketmaster.no, eller ved inngangen.

Arr: Bjerkreimshallen

HEIMEKAMPAR FOR A-LAGET I HAUST:

Torsd. 27.08. Kl. 19.30 mot Hinna 2

Torsdag 17.09. Kl. 19.30 mot Voll

Torsdag 01.10. Kl. 19.30 mot Kåsen

Torsd. 22.10. Kl. 19.30 mot Helleland

Laurdag 07.11. Kl. 14.00 mot Bakke

NB: Kampar kan bli flytta, til dømes pga. gjennomføring av Rogalandscupen. Følg med på Facebook (Bjerkreim IL Fotball) for info om eventuelle endringer.

SØNDAGSKOLEN AWANA VIKESÅ

Semesteroppstart søndag 6. sept. Alder 3-12 år. Vikeså misjonshus kl. 11.00.

Mer info på Friskus Bjerkreim.

BASARDAG

Bjerkreim bedehus lørdag 19. september kl. 12.00

- Kafè med sal av risengraut, pølser i brød og kaffimat frå kl. 12.00

- Rullelappar

- Familiemøte kl. 13.00

- Andakt av Siv Camilla Ottesen

- Song av Bjerkreim barnekor

Barnebok, hovudtrekking og årsal.

Arr. Bjerkreim Normisjon

BJERKREIM BEDEHUS - AUGUST

Fredag 28. kl. 16.00-20.00

Åpen dag med fredagstaco på bedehuset.

Mat og sosialt, kaffidrøs, leker og spill.

Ny i bygda? Da er du ekstra velkommen!

Inviter en venn til hyggelig ettermiddag med god mat og godt felleskap. Gratis.

Ikke fast program.

Arr. NLM

Lørdag 29. kl. 19.30 BKU i kjelleren

BJERKREIM BEDEHUS - SEPTEMBER

4. kl. 19.30-23.00 felles oppstart for Fredagstreff og Fredagsklubben

kl. 19.30 Møtehelg IM

5. kl. 19.00 Lørdagskveld IM

6. kl. 11.00 Endelig søndag IM

kl. 11.20 Søndagsskule

9. kl. 17.30 Global kafe

kl. 19.30 Møte Lys over Land

14. kl. 19.00 Yngres

18. kl. 20.00-23.00 Fredagstreff

19. kl. 12.00 Basar Normisjon

20. kl. 11.00 Endelig søndag NLM

Talar: Martin Dyngeland

kl. 11.20 Søndagsskule

21. kl. 18.30 Guttelaget og jentelaget

26. kl. 19.30 BKU i kjellaren

28. kl. 19.00 Yngres

Bønne møte kvar tysdag kl. 19.00

Minsten kvar onsdag kl. 09.30

Barnekor kvar torsdag kl. 17.00

VIKESÅ MISJONSHUS SEPTEMBER

02. kl. 19.00 Bønne møte

02. Kl. 20.00 Vedlikeholdstreff

06. Kl. 11.00 Søndagssamling og Awana søndagsskule

09. kl. 20.00 Samtalemøte

10. Kl. 19.30 Lys over land møte

12. Kl. 20.00 Ungdomslaget

13. kl. 17.00 Haustfest

14. Kl. 19.00 YngRes

14. Kl. 19.00 Korvetten

23. kl. 17.30 Global kafe

25. Kl. 20.00 Fredagsklubb

28. Kl. 19.00 YngRes

28. Kl. 19.00 Korvetten

Knerten kvar tysdag kl. 9.30

Barnekor kvar torsdag kl. 17.00



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTE

Sundag 6. september

Ikkje gudsteneste i soknet

Sundag 13. september kl 11.00

G3-gudsteneste i Bjerkreim kyrkje.

Presentasjon av neste års konfirmantar. Gullkonfirmantane deltek. Barnesamling.

Sundag 20. september kl 11.00

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

Sundag 27. september kl 10.00

Familiegudsteneste på Samfunnshuset.

DØYPTE:

24.05.26 Johanne Slettebø

14.06.26 Oline Lyng Nedrebø

28.06.26 Vemund Olsen Undem

28.06.26 Ingrid Asheim Solheim

DØDE:

24.06.26 Dennis Skjørestad

08.07.26 Dagfinn Mong

12.07.26 Anne May Nilsen

30.07.26 Bertha Auestad

VIGDE:

11.07.26 Åshild Årsvoll & Kristoffer Nes Trandal

ANDAKT PÅ SJUKEHEIMEN I SEPT.

Torsdag 17. (m/nattverd) og 24. sept. kl 10.30.

GLOBAL KAFÉ

Det blir Global kafe 9. sept på Bjerkreim bedehus og 23. sept på Vikeså misjonshus. 7. okt utgår på grunn av haustferie. Alle er hjertelig velkomne!

KONFIRMERT I BJERKREIM I 1976?

Søndag 13. september er det fest for deg.

Ta kontakt om du ikkje har fått invitasjon.

ENDRINGAR I STABEN VÅR

Geir Arne Løvbrekke Bjerkreim starta som menigheitsarbeidar tidleg i august. Han har ansvar for kyrkjeleg undervisning og læring, altså det som skjer for barn og ungdom i soknet. Han tek over for Ingelin Ognedal og Ronny Myksvoll.

Solveig Ege Tengesdal går inn som vikar for kyrkjevevjer Astrid Apalset Vassbø på fulltid frå 24. september.

Ronny Myksvoll held fram som diakon i 50 prosent stilling. Ta kontakt om du ynskjer samtale.

KYRKJELEG UNDERVISNING OG LÆRING

30. august, utdeling og 4- og 6-års bok

08. september, oppstart Connect

11.-13. september, kortweekend for konfirmantane,

17.-18. oktober tårnagenthelg

KJÆRE KYRKJELYD

Eg håpar de har hatt ein fin ferie! Og til dykk som har vore heime og arbeidd, håpar eg de likevel har fått tid til å kose dykk i hagen og nyte sola. Denne presten har reist til Istria i nord-Kroatia og besøkt familien. Men no er desse dagane langt bak meg.

Her på kyrkjekontoret er vi fullt i gang med planlegging og organisering av alt det som skal skje i haust. Først og fremst står ei kort helgesamling for konfirmantane på planen. Eg er utruleg takknemlig for å ha med vår nye medarbeidar, Geir Arne Bjerkreim. For meg er konfirmantane det store i haust. Dei skal vere det første

KOM PÅ FELLESFEST - RYFYLKE LIVSGNIST KJEM!

Bedehuset, misjonshuset og soknet arrangerer ein felles fest fredag 30. oktober. Festen er på Bjerkreim bedehus. Det blir god mat og framifrå underhaldning av blide folk frå Finnøy og Ryfylke livsgnist. Festen er gratis og for alle som vil kome, men vi treng påmelding seinast 20. oktober for å vite kor mange som kjem.

Påmelding via QR-kode:

eller til kyrkja på 51201198 til bedehuset v/Liv Valbjørg Bakke eller til misjonshuset på vikesaa. misjonshus@gmail.com

Gje melding om evt. allergiar.



KONSERT I BJERKREIM KYRKJE

Søndag 20. sept. kl 19.30 blir det konsert med Valborg & Karl Gustav og Gospelkoret Abraham. Billettsal i døra.

konfirmantkullet mitt, og eg kjenner meg både glad og spent på å møte dei. Bli gjerne med og be for ein ungdom du kjenner, eller for alle saman, med denne enkle bønna:

Kjære Gud. Takk for ungdomane våre, for livsgleda, energien og nysgjerrigheita deira. Hjelp oss til å sjå og kjenne kvar og ein av dei, slik at dei kan kjenne seg sette og trygge i kyrkja. La dei vandre i Bibelen og bli kjende med Jesus, slik at dei kan ta imot trua sitt mysterium, som skal styrkje dei i åra som kjem og gje frelse til sjelene deira. I Jesu Kristi namn. Amen.

Helsing presten

SØKNAD OM PRODUKSJONSTILSKOT PER 01.10.26

Sjå heimesida www.bjerkreim.kommune.no og klikk deg vidare inn på landbruk. Her finn du direkte link til søknadsskjemaet i altinn.

Søknadsfrist: 15.10.26. Du kan endre opplysningar i søknaden fram til og med 29.10.26 utan økonomiske konsekvensar. Har du gløymt å levera søknaden innan fristen, kan den leverast fram til 29.10.26, med då med eit trekk på 1.000 kr/dag. I tillegg kan du etterregistrere enkelte opplysningar innan 10.01.27

NO KAN DU SØKJA OM:

Tilskot for husdyr:

- Du skal søkja for alle husdyr, unnateke sauer født i fjor eller tidlegare.
- Ver nøye og tel tal dyr du søker tilskot på. Ver merksam på at kyr som ikkje har kalva dei siste 15 mnd før teljedato skal førast som øvrige storfe.
- Det er dei dyra du disponerer på teljedato den 01.10.2026 som skal førast opp. Ikkje før opp cirkatal!
- Husdyrtalet dannar grunnlaget for driftstilskot mjølko og spesialisert storfekjøttproduksjon, tilskot til små og mellomstore mjølkebruk og avløysartilskot.

Beitetilskot:

Her skil me mellom to typar beitetilskot:

Ordinært beitetilskot der dyra må ha vore ute på beite i minimum 16 veker gjennom beitesongen, og minst halvparten av grovfôropptaket skal ha skjedd på beite. Det er summen av beite på inn- og utmarksbeite som må vera minst 16 veker.

Tilskot for beiting på utmarksbeite, der dyra i må ha vore minst fem veker til heis eller på avgjerda utmarksbeite. For dei av dykk som har dyr som går fram og tilbake mellom ut- og innmarksbeite, må dyra ha nok tilgjengeleg utmarksareal til at minst halvparten av grovfôropptaket kjem frå utmark. Ein tommelfingerregel me nyttar oss av er at det bør vera minst tre gonger så mykje utmarksareal som innmark for at me skal kunna godkjenna utmarkstilskot på ein blanda teig. Dette varierer noko ut frå beitetrykk, vegetasjon og liknande, men

du må kunna sannsynleggjera at minst halvparten av fôropptaket skjer på utmark. Er du i tvil, ta kontakt med oss. Dei som søker om tilskot til dyr på utmarksbeite, må ha ein beitelogg som ein kan legge fram ved kontroll av søknadsdata.

Arealtilskot:

- Fyll inn dei areala ditt føretak har disponert i vekstsesongen 2026.
- Har det vore nylege endringar i areal, må arealtala korrigerast i søknaden.
- Kva for konkrete areal som er registrert på din eigedom, kan du finna på NIBIO sitt gardskart.
- Husk at sum tal disponert areal, må stemma med det tal dekar du fordelar mellom vekstar.
- Om fleire søkerar deler areal på eigedomen, er det viktig at ein samordnar seg så ein ikkje samla søker om meir areal enn det som fins på eigedomen.

Tilskot til avløyning:

- Her fyller du inn netto avløysarutgifter som føretaket har hatt hittil i år. Dersom du ikkje har brukt noko avløysarutgifter så langt, men har tenkt å bruke noko i slutten av året, så må du kryssa av for at du vil søkja avløysartilskot.
- I avløysarutgiftene fyller du inn eigne lønnsutgifter, tenester kjøpt av avløysarlaget eller avløysartenester kjøpt av andre føretak.
- Dersom du kjøper avløysartenester frå andre føretak, må «persondelen» av desse enten spesifiserast på faktura eller underbilag til faktura, med timer og timesats. Det er bare persondelen som gir grunnlag for avløysartilskot.

RMP:

Husk også at fristen for å søkja om regionalt miljøtilskot er 15.10.26. Info om dette finn de på heimesida til kommunen.

Kommunale tilskot til kalking og naudstraumsaggregat:

For dei to kommunale tilskotsordningane er og søknadsfristen sett til 15. oktober. Har du kalka eller skaffa deg naudstraumsaggregat i løpet av året, så bør du nytta høvet til å søkja tilskot. Søknadsskjema og informasjon om ordningane finn du på kommunen sine nettsider.

Informasjon



tlf: 41 43 73 92

ARKIDAL
v/ Arne Dirdal



Teknisk tegner - byggesøknad, tilbygg, påbygg og fasadeendring
ingen oppdrag er for små!

Nesjane 3, 4389 Vikeså
www.arkidal.no - post@arkidal.no



ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

HANMEDHATTEN.NO SILVER AND LIGHT.NO

FOTOSTUDIO  RAMMEVERKSTED

Han med hatten

FOTOGRAF KAI TORE VIK

POST@HANMEDHATTEN.NO, MOBIL: 90020955

DU ER HJERTELIG VELKOMMEN TIL VÅRT FOTOSTUDIO I RØYSLANDSDALEN 95



Bjerkreim legekonto
51 20 43 30
www.bjerkreimlegekonto.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



Extra Vikeså

Man-Fre 07.00-23.00 Lør 08.00-21.00
Coop Byggmix / Landbruk
Man-Fre 08.00-18.00 Lør 09.00-16.00
Coop Prix Bjerkreim
Man-Fre 08.00-21.00 Lør 09.00-20.00

Coop Norge



Telefon 51 49 13 04

**VELKOMMEN TIL
KLINIKKEN
PÅ NYTORGET 3!**

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Solvor Nyland Malmei 471 79 206

**RENSELØSNINGER
TIL HUS OG HYTTER**



LITT OM VÅRE ANLEGG:

- Tilfredstiller kommunale krav til godkjent utslipp
- Enkel montering
- Forskjellige størrelser
- Lavt strømforbruk
- SINTEF sertifisert

VI TILBYR:

- Søknad / prosjektering
- Montering / oppstart
- Service og vedlikehold

Sandnes Maskin

Tlf: 954 09 360 - post@sandnesmaskin.no



**BJERKREIM
BIL & KAROSSERI AS**

Forsikrings skader • Private skader

Karosseri • Lakkering
Ruteskift • Restaurering
PDR (Retting av småbulker uten lakkering)

Tlf: 901 91 987
post@bjerkreimbillogkarosseri.no